Innkjøpssamarbeidet i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn (INSS) inviterer til open anbodskonkurranse for rammeavtale på Vaskeritenester og leige av tøy for kommunane Askvoll, Aurland, Fjaler, Kinn og Luster.

Sak 26/1607

1 Oppdrag

1.1 *Oppdragsgjevar*

Oppdragsgjevar for denne anskaffinga er innkjøpssamarbeidet for Nordfjord, Sunnfjord og Sogn (INSS). INSS består av kommunane Askvoll, Aurland, Bremanger, Fjaler, Gloppen, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Kinn, Luster, Lærdal, Sogndal, Solund, Stad, Stryn, Vik og Årdal, samt Nordfjord Miljøverk IKS.

INSS vil gjennomføre to konkurransar om vaskeritenester: éin ordinær open konkurranse og éin open anbodskonkurranse der retten til å delta er reservert etter FOA § 16-9.

Denne konkurransen er den ordinære konkurransen. Deltakande kommunar er Aurland, Fjaler, Kinn og Luster. Askvoll kommune inngår som opsjonskommune, jf. punkt 1.2 og kontrakten. Anskaffinga vert gjennomført av Kinn kommune innkjøp på vegner av INSS.

1.2 *Anskaffinga sitt formål og omfang*

INSS vil med denne anskaffinga inngå rammeavtale med ein leverandør for leige og vask av arbeidstøy og flatt tøy til bruk i kommunal tenesteproduksjon i tråd med kravspesifikasjonen.

Deltakande kommunar og oversikt over leveringspunkt framkjem i vedlegg 3 – leveringspunkt.

Askvoll kommune har per i dag eige vaskeri som utfører desse tenestene. Askvoll kommune skal behandle saken i kommunestyret onsdag 27.05.2026. Kommunestyret vil i dette møtet ta stilling til om kommunen skal inngå i avtalen eller videreføre vaskeritjenesten i egenregi. Dersom kommunestyret vedtar at Askvoll kommune skal inngå i avtalen, vil oppstartstidspunkt avtales nærmere. En estimert oppstartsdato vil bli oppgitt i konkurransen. Dersom kommunestyret vedtar at Askvoll kommune skal videreføre vaskeritjenesten i egenregi, vil opsjonen for Askvoll kommune trekkes ut i sin helhet. Askvoll kommune trer inn i avtalen ved avtaleoppstart.

Totalverdien for anskaffinga er over EØS-avtalen sin terskelverdi for vare- og tenestekjøp. Truleg har avtalen ein årleg verdi på omlag 5 millionar kroner og ein total verdi for heile perioden på om lag 20 millionar kroner, inkludert opsjon. Oppdragsgjevar gjer merksam om at dette er berre er eit anslag og ikkje speglar kva oppdragsgjevar er villig til å betale for varene.

Vi gjer merksam på at rammeavtala blir brukt opp når uttaket for avtaleperioden er nådd. Maksimalt uttak på avtala i avtaleperioden er 25 millionar kroner, inkludert opsjon.

Varigheit på avtalen er 2 år med mogeleg lenging i ytterlegare 1+1år.

Avtale vil bli inngått etter vedlagde avtaleutkast.

1.3 *Planlagd framdrift*

Det vert lagt opp til følgande tidsrammar for gjennomføring av konkurransen frem til kontrakt vert inngått. Med unntak av tilbodsfrist kan datoar nedafor verte endra.

Planlagde milepælar	Frist
Utlysing av konkurransegrunnlag	12.05.2026
Spørsmålsfrist	08.06.2026
Tilbodsfrist	15.06.2026 kl. 12:00
Oppdragsgjevar gjev skriftleg melding om tildeling	Veke 26
Karenstid for inngåing av kontrakt (klagefrist)	Fremkommer av tildelingsbrev
Kontrakt vert inngått	Snarast etter utløp av karenstid
Kontraktsoppstart	01.09.2026
Vedståingsfrist	3 månader frå tilbodsfrist

Kontraktsoppstart 01.09.2026 gjeld for Askvoll, Aurland, Fjaler, Kinn og Luster. ~~For Askvoll kommune gjeld leveringsoppstart berre dersom og frå det tidspunkt opsjonen vert utløyst.~~

2 Reglar for gjennomføring av konkurransen og krav til tilbod

2.1 *Anskaffingsprosedyre*

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I og del III. Kontraktstildeling vil bli gjort etter prosedyren open anbodskonkurranse, jf. FOA § 13-1(1).

Dette er ei prosedyre som ikkje tillet forhandlingar. Det er følgjeleg ikkje høve til å endre tilbodet etter tilbodsfristen har gått ut. Vidare blir det gjort merksam på at tilbod som inneheld vesentlege avvik frå anskaffingsdokumenta, skal avvisast etter forskrift om offentlige anskaffelser § 24-8(1) b. Oppdragsgivar kan avvise tilbod som inneheld avvik frå anskaffingsdokumenta, uklare punkt eller liknande som ikkje må reknast som uvesentlege, jf. § 24-8(2) a i forskrifta.

Leverandøren blir derfor på det sterkaste oppfordra til å følgje dei rettleiingane som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklare punkt via KGV.

2.2 *Krav til lønns- og arbeidsvilkår*

Kontrakten vil innehalde krav om lønns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjonar i samsvar med forskrift om lønns- og arbeidsvilkår av 8. februar 2008 nr. 112.

2.3 *Skatteattest*

Valde leverandør skal på førespurnad levere skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt. Dette gjeld berre dersom valde leverandør er norsk.

Skatteattesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader rekna frå fristen for å levere førespurnad om å delta i konkurransen eller tilbod.

2.4 *Teieplikt*

Oppdragsgivar og tilsette der pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil vere av konkurransemessig verdi å halde hemmeleg, jf. FOA § 7-4 og, jf. forvaltningslova § 13.

2.5 *Vedståingsfrist*

Leverandøren må vedstå seg tilbodet sitt til det tidspunktet som er angitt i pkt. 1.3.

2.6 *Endring i konkurransegrunnlaget*

Oppdragsgjevaren har rett til å gjere rettingar, tillegg og endringar av konkurranse-grunnlaget som ikkje er av vesentleg karakter, heilt fram til fristen for levering av tilbod går ut. Melding om dette vert å sende alle som har registrert seg som deltakar i konkurransen, gjennom EU-Supply (kgv).

2.7 *Tilleggsopplysningar*

Eventuelle spørsmål skal rettast gjennom spørsmål og svar funksjonen i EU-Supply. Svar blir sendt til alle som har registrert seg som mottakar gjennom EU-Supply.
Oppdragsgjevar sin kontaktperson for denne anskaffinga er Marie Arnstad.

Dersom de finn feil eller uklarheiter i konkurransegrunnlaget, så gjer vel å melde desse til kontaktperson gjennom EU-Supply i god tid før tilbodsfristen sitt utløp.

3 Det europeiske eigenerklæringsskjemaet (ESPD)

3.1 *Generelt om ESPD*

Som ein førebels dokumentasjon på oppfylling av kvalifikasjonskrav, at det ikkje ligg føre avvisingsgrunnar og eventuelt oppfylling av utveljingskriterium, skal leverandøren fylle ut vedlagde ESPD-skjema. Skjemaet skal leverast saman med tilbodet. Den leverandøren som blir

innstilt til kontraktsinngåing, må før kontrakt blir inngått dokumentere oppfylling av kvalifikasjonskrava i samsvar med dei opplyste dokumentasjonskrava.

Oppdragsgiver vil kontrollere det innleverte ESPD-skjemaet for alle leverandører som har levert tilbud. Det er kun leverandøren som får kontrakten som blir kontrollert opp mot kvalifikasjonskravene.

3.2 *Nasjonale avvisingsgrunnar*

I samsvar med ESPD del III: Avvisingsgrunnar, seksjon D: «Andre avvisingsgrunnar som er fastsette i den nasjonale lovgivinga i oppdragsgivaren sin medlemsstat» Dei norske anskaffingsreglane går lenger enn det som følgjer av avvisingsgrunnane angitt i EU-direktivet om offentlege anskaffingar og i standardskjemaet for ESPD. Det blir derfor presisert at i denne konkurransen gjeld også alle avvisingsgrunnane i § 24-2 i anskaffingsforskrifta, inkludert dei reint nasjonale avvisingsgrunnane.

Følgjande av avvisingsgrunnane i anskaffingsforskrifta § 24-2 er reint nasjonale avvisingsgrunnar:

§24-2(2). I denne føresegna er det angitt at oppdragsgivar skal avvise ein leverandør når han er kjent med at leverandøren er rettskraftig dømt eller har vedtatt eit førelegg for dei angitte strafflagde forholda. Kravet til at oppdragsgivar skal avvise leverandørar som har vedtatt førelegg for dei angitte strafflagde forholda, er eit særnorsk krav.

24-2(3) bokstav i. Avvisingsgrunnen i ESPD-skjemaet gjeld berre alvorlege feil i yrkesutøvinga, medan den norske avvisingsgrunnen også omfattar andre alvorlege feil som kan medføre tvil om den yrkesmessige integriteten til leverandøren.

3.3 *Samla oppgiving for alle kvalifikasjonskrav i ESPD-skjemaet*

Leverandørane skal levere ESPD som førebels dokumentasjon på at dei oppfyller kvalifikasjonskrava, jf. FOA § 17-1. Leverandørane kan i ESPD-skjemaet gi ei samla erklæring om at dei oppfyller alle kvalifikasjonskrava ved å fylle ut del IV seksjon a.

Oppdragsgjevar vil kontrollere at ESPD er levert og korrekt utfylt av alle tilbydarar.

Oppdragsgjevar vil berre innhente og kontrollere endeleg dokumentasjon på oppfylling av kvalifikasjonskrava for den leverandøren som, etter evaluering av tildelingskriteria, er rangert som nr. 1, jf. FOA del III.

4 Kvalifikasjonskrav

For å kunne få tilbodet sitt evaluert, må leverandøren fylle ut det elektroniske eigenerklæringsskjemaet om at han oppfyller alle dei kvalifikasjonskrava som er oppgitt nedanfor.

4.1 *Leverandøren si registrering, autorisasjon mv.*

Kvalifikasjonskrav 1	Leverandøren skal vere registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.
Dokumentasjon	Norske selskap: Firmaattest Utanlandske selskap: Godtgjersle på at selskapet er registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.

4.2 *Leverandøren sin økonomiske og finansielle kapasitet*

Kvalifikasjonskrav 2	Det vert kravd at leverandøren har økonomisk evne til å gjennomføre oppdraget. Minimumskrav er at leverandøren er kredittverdig, med kredittverdig menes: Score på **tilfredsstillande** eller betre på minst to av kriteriene soliditet, likviditet og lønnsomhet.
Dokumentasjon	Oppdragsgjevar vil evaluere på bakgrunn av rekneskapstal og nøkkeltal registrert i Proff Forvalt. For leverandørar som ikkje oppfyller krava ovanfor kan ein levere annen dokumentasjon som syner at tilbydar er kredittverdig.

4.3 *Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane til leverandøren*

Kvalifikasjonskrav 3	Det vert kravd at leverandøren har erfaring med liknande leveransar. Med liknande meinast levering av vaskeritenester og leige av tøy til kommunar/andre større verksemder i Noreg.
Dokumentasjon	Det skal leggast ved referanseliste for 1 liknande oppdrag siste 5 år der ein gjev opp kunde, kontaktpersonen sitt namn og telefonnummer, omfang, verdi og varigheit av avtalen.
Kvalifikasjonskrav 4	Det vert kravd at leverandøren har eit verksamt kvalitetssystem.
Dokumentasjon	Leverandør skal dokumentere kva kvalitetssystem verksemda nyttar. Dersom leverandøren har sertifisering gjennom offentleg kjende ordningar som ISO 9001 eller liknande, skal kopi av gyldig sertifikat leggast ved tilbodet. Alternativt skal leverandør legge ved eigenerklæring som syner kvalitetssystemet si oppbygging og verkeområde.
Kvalifikasjonskrav 5	Det vert kravd at leverandøren har eit verksamt miljøleiingssystem.
Dokumentasjon	Leverandør skal dokumentere kva miljøleiingssystem verksemda nyttar og korleis dette vil påverke leveransen etter denne anskaffinga. Dersom leverandøren har sertifisering gjennom offentleg kjende ordningar som Miljøfyrtårn, ISO 14001 eller liknande, skal kopi av gyldig sertifikat leggast ved tilbodet. Alternativt skal leverandør legge ved eigenerklæring som syner miljøleiingssystemet si oppbygging og verkeområde.

5 Tildelingskriterier

Tildelinga skjer på basis av kva tilbod som har det beste forholdet mellom pris/kostnad og kvalitet.

Tildelingskriterium	Vekt	Dokumentasjonskrav
Pris Prisane for opsjonen skal vere bindande og inngår i evaluert samla anbodssum slik det framgår av prisskjemaet.	70 %	• Ferdig utfylt prisskjema i tråd med rettleiinga på skjemaet (vedlegg 2)
Kvalitet Oppdragsgjevar er her ute etter tilbod med god kvalitet, sikker levering og god kvalitet på kle. Under dette kriteriet vurderer ein: • Kvalitet på dei tilbode produkta sitt produktark, disse er merka med X i kolonne F i prisskjema. • Tilboden dokumentert kvalitet på vaskeriteneste. • Fleksibilitet på ekstra leveransar.	30 %	• Punkt 5.3 (produktark), 6.5 og 7.4 i kravspesifikasjonen (vedlegg 1). Oppdragsgjevar vil leggje vekt på at beskrivingane er konkrete, etterprøvbare og relevante for leveransen.

5.1 *Evalueringsmetode*

Ved evaluering av tildelingskriteriet pris vil ein legge til grunn berekna pris oppgjeve i "samla anbodssum" i leverandøren sitt tilbod. Det vert føreteke ei lineær vurdering der beste pris vert gjeve 10 poeng øvrige tilbod får score etter ein skala der dobbel pris gjev 0 poeng.

Oppdragsgjevar vil vurdere tilboden kvalitet ut over minstekrav i tråd med det som framkjem i kravspesifikasjon. Det er opp til leverandør å få fram kvalitetar ut over minstekrav. Dette skal komme fram i produktark, løyssingsskildring eller merka vedlegg. Beste tilbod får 10 poeng, øvrige får forholdsmessig score basert på oppdragsgjevar si innkjøpsfaglege vurdering av dokumentert kvalitet.

5.2 *Klima- og miljøkrav i konkurransegrunnlaget, jf. FOA § 7-9*

Oppdragsgivar har vurdert korleis klima- og miljøomsyn best ivaretas i denne anskaffinga.

I tråd med forskrift om offentlege anskaffingar (FOA) § 7-9 fjerde ledd er det bestemt å nytte sekundærregelen, slik at klima- og miljøkrav blir stilte som absolutte krav i kravspesifikasjonen, i

staden for å vekte klima- og miljø som eige tildelingskriterium (minst 30 %). Bakgrunnen er at det for denne anskaffinga er vurdert som klart at absolutte krav til miljøprestasjon vil gi ein betre klima- og miljøeffekt enn bruk av relative tildelingskriterium.

Oppdragsgivar har difor sett krav om at

- Vaskeriet skal være Svanemerket eller oppfylle tilsvarende krav i eit type 1 miljømerke (ISO 14024).
- Alle bilar som blir nytta på kontrakta skal minst inneha Euroklasse 6.
- Emballasje skal være av eit minimum og dersom det må nyttast skal leverandøren ta med eventuell plast som retur.
- Det skal vere rutinar for reparasjon av tøy.
- Det er ikkje stilt krav om nytt tøy på avtalen.

Krava er utforma slik at dei sikrar eit minimumsnivå for miljøavtrykk i heile leveransen, og reduserer risikoen for at miljøomsyn berre får avgrensa betydning i evalueringa.

På bakgrunn av dette vurderast det som mest føremålstenleg å stille absolutte miljøkrav i kravspesifikasjonen. Dette sikrar at miljøomsyn vert ivaretekne på ein føreseieleg og etterprøvbar måte for alle tilbydarar.

6 Innlevering av tilbod

6.1 *Levering av tilbod*

Tilbodet skal leverast elektronisk via EU-Supply sitt konkurranseverktøy innan tilbodsfristen. Systemet tillèt ikkje å sende inn tilbod elektronisk via EU-Supply etter tilbodsfristens utløp. Er du ikkje brukar hjå EU-Supply, eller har du spørsmål knytt til funksjonar i verktøyet, for eksempel korleis du skal gje tilbod, ta kontakt med EU-Supply Brukarstøtte på tlf. +47 23 96 00 10 eller på e-post til: kgv@eu-supply.com.

6.2 *Komplett tilbod*

Komplett tilbod skal som minimum innehalde:

Vedlegg skal merkast	Dokumentasjon	Henvisning
1 – Signert tilbodsbrev	Signert tilbudsbrev. Eventuelle forbehold skal klart fremgå av tilbudsbrevet med henvisning til hvor i tilbudet forbeholdet framkommer (sidetall og punktnummer).	Vedlegg 4
Det europeiske egenerklæringsskjemaet (ESPD) i KGV.	Punkt 3.3	
2 – Kvalifikasjonskrav	Kvalifikasjonskrav og attest for skatt og merverdiavgift	Punkt 4.1 – 4.3
3 – Kravspesifikasjon	Kravspesifikasjon	Vedlegg 1
4 – Prisskjema	Prisskjema med eventuelle vedlegg	Vedlegg 2
5 – eHandel	Utfylt forslag til samhandlingsavtale	Vedlegg 6
6 – Erklæring Reservevaskeri	Signert erklæring frå reservevaskeri om at ein står inne som sikkerhet for leveranse ved driftsavbrudd og liknende.	

6.3 *Alternative/parallelle tilbod*

Det er ikkje høve til å gje inn alternative- eller parallelle tilbod i denne konkurransen.

6.4 *Tilbod på delar av oppdraget*

Det er ikkje høve til å gje inn tilbod på deler av oppdraget.

7 Handsaming av tilboda

7.1 *Tilbodsopning*

Tilbodsopninga vert utført elektronisk av representantar for oppdragsgjevaren. Det blir ikkje gjennomført offentleg tilbodsopning. Leverandør har ikkje høve til å være til stades ved opninga. Det blir ikkje sendt ut åpningsprotokoll.

7.2 *Avvising av leverandør*

Oppdragsgjevaren har plikt til å avvise leverandørar som ikkje oppfyller dei fastsette og kunngjorde kvalifikasjonskrava. Oppdragsgjevaren kan avvise leverandørar som ikkje har sendt inn anna etterspurt dokumentasjon.

7.3 *Avvising av tilbod*

Oppdragsgjevaren pliktar å avvise tilbodet når det på grunn av atterhald eller feil, uklareheit eller liknande som kan skape tvil om korleis tilbodet skal vurderast i høve dei andre tilboda. Oppdragsgjevaren kan avvise tilbodet når det ikkje inneheld alle dei opplysningar, oppgåver, prøver mm. som er kravd, ikkje gjev opp prisen slik som føresett i konkurransegrunnlaget, verkar unormalt lavt prisa i høve produktet/tenesta det er gjeve tilbod på, eller ikkje er signert.

8 Avgjerd av konkurransen

8.1 *Avlysing av konkurransen og totalforkasting*

Oppdragsgivar kan ved sakleg grunn avlyse konkurransen.

8.2 *Tildeling av oppdrag*

Oppdragsgjevaren si avgjerd om kven som får tildelt kontrakt skal vere skriftleg, og sendast alle deltakarane samstundes i rimeleg tid før kontrakt vert inngått. Med ”kontrakt vert inngått” meiner ein tidspunktet då begge partar underteiknar kontrakten. Vi gjer merksam på at totalpris slik den framkjem i leverandør sitt tilbod, vil være offentleg informasjon og kan sendast ut i tildelingsmelding.

9 Vedlegg

Med dette konkurransegrunnlaget er det følgjande vedlegg:

- Vedlegg 1 - Kravspesifikasjon
- Vedlegg 2 - Prisskjema
- Vedlegg 3 - Leveringstader
- Vedlegg 4 - Tilbodsskjema
- Vedlegg 5 - Utkast til avtale
- Vedlegg 6 - Samhandlingsavtale eHandel
- Vedlegg 7 Fullmakt utvidet skatteattest